



Kvinnherad kommune

Rådmannen

Samfunnsutvikling

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.000083

post@kinnherad.kommune.no

www.kinnherad.kommune.no

facebook.com/kinnherad

Riksantikvaren



Saksbehandlar

Anbjørn Høivik

Tlf. direkte innval

53483271

Vår ref.

2014/1553-3

Dykkar ref.

Dato

18.09.2014

Førerels merknad til framlegg om kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland

Kvinnherad formannskap handsamar kommunen sine merknader til registreringa i møte 9. oktober 2014 og vi sender dykk deira uttale kort tid etter dette.

Til orientering har eg lagt ved rådmannen si saksutgreiing og innstilling.

Med helsing

Anbjørn Høivik
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Synnøve Solbakken

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2014/1553-4

Saksbehandlar

Anbjørn Høivik

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Høyring - Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland

Innstilling frå rådmannen:

1. Kvinnherad kommune set pris på at Rosendal vert framheva som eit landskap med kvalitetar av nasjonal verdi.
2. Arealet bør innskrenkast til å gjelda det nære landskapsrommet sett frå Baroniet Rosendal.
3. Rapporten bør gi meir presise og differensierte råd om verkemiddelbruk i forvaltinga av det aktuelle arealet.

Saksutgreiing:

Riksantikvaren har sendt på høyring framlegg til registrering av kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Frist for uttale var 4. juli, men er no forlenga til 1. oktober 2014. Rådmannen legg fram saka for formannskapet i møte 9. oktober, og sender saksutgreiing og innstilling som førebels høyringssvar til Riksantikvaren innan fristen.

Det skal etablerast eit nasjonalt register for kulturhistoriske landskap. Registreringa i Hordaland er del av eit forprosjekt for etablering av dette registeret. Til saman ni område er registrert i vårt fylke, Rosendal er registrert som einaste område i Kvinnherad.

Rådmannen meiner det er rett å framheva Rosendal som eit landskap med kvalitetar av nasjonal verdi. Kommunen har i fleire tiår forvalta areala ut frå ei slik tilnærming. Til dømes vart store areal kring Baroniet Rosendal bandlagt i kommuneplanen sin arealdel (2003) med bakgrunn i desse verdiane.

Rapporten er visuelt og litterært sett eit tiltalande produkt, og med nokre mindre endringar vil den truleg fungera godt på eit nasjonalt nivå som skildring av dei kulturhistoriske verdiane knytt til området.

Det vil likevel vere store utfordringar i den praktiske bruken av registreringa i regional og lokal arealforvaltning. Presisjonsnivået i kartfestinga er lågt, metodeskildringa er nærmest fråverande og det er uklart kva faglege vurderingar som ligg til grunn for avgrensing og verdisetting. Vidare er det store avvik mellom denne registreringa og tidlegare landskapsregistreringar i området. Det er også mishøve mellom kartavgrensinga og den verbale skildringa i rapporten. Rådet om omsynssone i arealdelen i kommuneplanen er både unyansert og dels i strid med andre forvaltingsregimer (Hattebergsdalen landskapsvernombjørg, Folgefonna nasjonalpark).

Rapporten legg vekt på det visuelle inntrykket av landskapet kring viktige kulturminne som Baroniet Rosendal, kyrkjene, gravminna, buplassar og fartybygging i fjæra, men kartavgrensinga strekkjer seg mykje vidare enn kva den verbale skildringa skulle tilseie. Rådmannen stiller seg såleis undrande til at Guddalsdalen er teke med i arealet sidan dette korkje er nemnt i teksten eller hører til same landskapsrom. Også Kalven og Snilstveitøy må gå ut av kartet.

Det er vanskeleg å etterprøva vurderingane bak avgrensning og tema sidan metodikken verkar å vere noko upresis. Rådmannen kan heller ikkje sjå at tidlegare analysar er lagt til grunn for arbeidet med skildring og avgrensing. Her er landskapsanalyse for Rosendal (Aurland Naturverkstad 2004) og verdivurdering av landskap i Hordaland fylke (Aurland Naturverkstad 2011) særleg aktuelle. I den pågåande kulturmiljøfredingsprosessen er det også gjort arealvurderingar og rapporten om kulturminnevern og andre verne- og brukarinteresser (kommunen/fylkeskommunen/fylkesmannen 1999) avgrensar område i Rosendal med spesielle verdiar.

Når berre eit fåtal landskap i heile fylket vert framheva på dette viset bør det vere rom for å gje meir konkrete råd og ønskje for den lokale arealforvaltninga enn kva rapporten gjer. Her er kartfesting og forvaltningsregime skildra nokså omtrentleg og da vert dette ei ekstra bør i staden for hjelp i kommunen si saksbehandling og arealplanlegging.

Økonomisk konsekvens:

Ingen direkte.

Miljømessig konsekvens:

Ingen direkte.

Vedlegg:

- Brev frå Riksantikvaren
- Rapport om kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland